

FORSLAG TIL STATSBUDDSJETT 2018

Regjeringen Solberg har lagt fram sitt forslag til statsbudsjett for 2018.

Forslaget innebærer et samlet tilskudd til folkehøgskolene på kr. 826 952 000 med en generell kostnadsjustering på 2,7 prosent.

Budsjettframlegget innebærer et kutt i tilskuddet til folkehøgskolene og i studiestøtten på til sammen 45 millioner kroner.

- 1. 25 millioner kroner kuttes i støtten til skolene.** Forslaget sier at det skal tas fra kortkurs. I så fall må tabellen endres bakover i tid. Folkehøgskolerådet mener at dette ikke er mulig og at den eneste måten å gjennomføre kuttet på er at det blir elevtallsavhengig.
- Folkehøgskolene har et økt elevtall de senere årene. Regjeringen har ikke tatt hensyn til økt elevtall i beregningsmodellen for tilskuddet i 2018. **Konsekvensen er at det for tilskuddet i 2018 mangler 9 millioner kroner.**
- Regjeringen foreslår å **kutte i studiestøtten til 2.årselever. Dette innebærer et kutt på 11 millioner kroner.**
- Vi vil fremdeles arbeide for at alle våre elever får full studiestøtte i likhet med andre studenter. Kostnadene til dette kommer i tillegg til de 45 millionene.

Tirsdag 17. oktober ønsker vi å markere vår misnøye med kuttene og ber alle skolene støtte opp utenfor Stortinget eller med et eget arrangement på hjemstedet eller sammen med andre folkehøgskoler i distriktet.

Folkehøgskolerådet tar kutforslaget opp med sentrale politikere og oppfordrer alle skolene til å kontakte sine lokale politikere, fylkespolitikere og stortingspolitikere.

Med hilsen for Folkehøgskolerådet

Øyvind Brandt/s/
Leder

Odd Arild Netland /s/
sekretær

Vedlegg:

1. Forslag til statsbudsjett for 2018 – kap. 253
2. Pressemelding
3. Konsekvenser for den enkelte folkehøgskole hvis kuttet på 25 + 9 mill. tas på elevavhengig tilskudd og basistilskudd.

Vedlegg 1

Kap. 253 Folkehøgskolar

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
70	Tilskott til folkehøgskolar	796 528	823 259	821 215
71	Tilskott til Folkehøgskolerådet	4 819	4 954	5 088
72	Tilskott til Nordiska folkehøgskolan	615	632	649
	Sum kap. 0253	801 962	828 845	826 952

Post 70 Tilskott til folkehøgskolar

Folkehøgskolane har ikkje eksamen, og elevane bur i internat på skolen. Skolane fastset sitt eige verdigrunnlag, og dei har pedagogisk fridom. Folkehøgskolane har ulike typar kurs på ei rekke område.

Det er totalt 79 folkehøgskolar spreidde over heile landet. Talet inkluderer Nordnorsk Pensjonistskole og Norsk senter for seniorutvikling, som begge er godkjente som folkehøgskoleliknande tiltak og får tilskott etter folkehøgskolelova. Desse to skolane har dispensasjon til berre å halde kortkurs.

Tilskottet til folkehøgskolane er tredelt gjennom eit basistilskott, eit elevtilskott og eit husleigetilskott. Basistilskottet er likt for kvar folkehøgskole. Elevtilskottet blir fastsett på grunnlag av gjennomsnittleg elevtal for dei tre åra før det føregåande året. Tilskottet til husleige blir fordelt etter innstilling frå Folkehøgskolerådet. I tillegg får fire folkehøgskolar som har ein stor del elevar med redusert funksjonsevne, eit særskilt tilskott for desse elevane.

Folkehøgskole på Svalbard

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 462, 21. februar 2017, gjort i samband med handsaminga av Dokument 8:20 S (2016–2017), jf. Innst. 178 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringa igangsette arbeidet med å foreslå en endring i folkehøgskoleloven slik at det åpnes opp for å kunne drive folkehøgskole på Svalbard.»

Departementet vil følge opp vedtaket, og har derfor hausten 2017 sendt til høyring eit forslag om å utvide verkeområdet til folkehøgskolelova til også å gjelde på Svalbard.

Mål for 2018

Målet med tilskottet er å fremme allmenndanning og folkeopplysning.

Rapport for 2016

Tabellen under viser utviklinga i talet på folkehøgskoleelevar frå 2013 til 2016. Det totale elevtalet på folkehøgskolane har lege på om lag 7 500 årselevar, det vil seie rundt ti pst. av eit årskull 19-åringar.

Medan talet på langkurselevar i 2016 auka med 4,8 pst. frå året før, har talet på elevar på kortkurs gått nedover i dei seinare åra. I 2016 var reduksjonen på sju pst., totalt i perioden 2013–16 var nedgangen på 14 pst.

Tabell 1.1 Elevtal i folkehøgskolane

	2013	2014	2015	2016
Elevar med langkurs (vår og haust) (16,5–33 veker)	13 948	13 285	13 880	14 554
Elevar med kortkurs (2 –94 dagar)	18 489	17 710	17 075	15 901
Sum elevar	32 437	30 995	30 955	30 445
Årselevar langkurs	6 777	6 774	7 050	7 390
Årselevar kortkurs	706	694	650	606
Sum årselevar	7 483	7 468	7 700	7 996
Sum godkjente årselevar / fastsett elevtal	7 429	7 383	7 594	7 880
Tilskottselevar	7 570	7 654	7 583	7 552

Utdanningsdirektoratet

I 2016 var det om lag 130 unge flyktningar som var elevar ved folkehøgskolane. Budsjettforslag for 2018 Departementet foreslår ei løyving på 821,2 mill. kroner på posten i 2018.

Det er foreslått å redusere tilskottet med 25 mill. kroner. Langkurs er kjerneverksemda til folkehøgskolane, og departementet vil derfor rette reduksjonen mot kortkursa. Nordnorsk Pensjonistskole og Nestor Seniorutvikling driv berre med kortkurs, og vil med dette forslaget vere blant dei som får redusert tilskott i 2018.

Ny folkehøgskole i Mandal – SKAP Kreativ Folkehøgskole – er oppretta frå hausten 2016. Det er lagt opp til ei gradvis opptrapping av tilskottet til skolen. Løyvinga er foreslått auka med 1,3 mill. kroner som følge av dette.

Post 71 Tilskott til Folkehøgskolerådet

Folkehøgskolerådet er ein interesseorganisasjon for folkehøgskolane. Rådet har eit fast sekretariat.

Mål for 2018

Formålet med tilskottet er å bidra til at Folkehøgskolerådet kan ta hand om fellesoppgåver for folkehøgskolane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet. Vidare er det eit mål å bidra til at Folkehøgskolerådet kan fremme kunnskap om og utvikling av folkehøgskolane.

Rapport for 2016

Det blei gitt eit tilskott på 4,8 mill. kroner til Folkehøgskolerådet i 2016. Rådet tok hand om fellesoppgåver for folkehøgskolane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet, mellom anna å gi innstilling til fordeling av husleigetilskottet til folkehøgskolane. Rådet bidrog også på ein positiv måte til at unge flyktningar får bu på folkehøgskolar.

Budsjettforslag for 2018

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2017.

Post 72 Tilskott til Nordiska folkhögskolan

Nordiska folkhögskolan i Kungälv blei etablert i 1947 for å styrke nordisk samkvem. Tilskottet finansierer utgifter til norske lærarressursar ved skolen.

Mål for 2018

Nordiska folkhögskolan skal mellom anna bidra til å utvikle dei skapande evnene til elevane og auke solidarisk deltaking i samfunnsutviklinga i Norden og elles i verda.

Rapport for 2016

Det blei gitt eit tilskott på 615 000 kroner til skolen i 2016. Skolen har utfordringar med å rekruttere norske lærarressursar.

Budsjettforslag for 2018

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2017.

Studiestøtte (Lånekassen)

Etter gjeldande regelverk kan ein få støtte til to år med folkehøgskoleutdanning. Svært få folkehøgskoleutdanningar varer i meir enn eitt år, og departementet meiner det er rimeleg å redusere den generelle tidsramma for støtte til slik utdanning til eitt år. Det ville likevel vore urimeleg å gjere denne innskrenkinga gjeldande også for elevar som ønsker å nytte seg av andreårstilbod ved dei folkehøgskolane som allereie har etablert toårige utdanningsopplegg. Andreårstilbodet innanfor mediefag ved Danvik folkehøgskole og tilsvarande andreårstilbod ved andre folkehøgskolar vil derfor etter forslaget framleis kvalifisere for støtte. Men det vil ikkje lenger bli gitt støtte til å ta eit andre folkehøgskoleår som stipendiat. Vidare vil det bli gjort unntak for elevar med nedsett funksjonsevne, slik at desse kan få støtte til eit andre folkehøgskoleår dersom skolen har eit utdanningsopplegg som er spesielt tilrettelagt for denne gruppa. Som følge av dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 10,8 mill. kroner. I tillegg kjem redusert utlån.

Pressemelding 12. oktober 2017

Dramatisk kutt for folkehøgskolene

Regjeringens forslag til Statsbudsjett for 2018 innebærer kutt på 45 millioner.

- Vi er svært skuffet over forslaget Regjeringen legger frem i dag, sier Odd Arild Netland, daglig leder i Folkehøgskolerådet. – Kuttet vil få store konsekvenser for enkeltskoler og elever, og rammer usolidarisk i en tid der folkehøgskolene har rekordmange elever, sier Netland.

Aldri har det vært mer populært å gå på folkehøgskole! Denne høsten startet over 7700 elever på folkehøgskole. Det er ny rekord for tredje år på rad.

- Veksten i folkehøgskolen er et tydelig signal til resten av Skole-Norge. Stadig flere elever er slitne etter karakterpress på videregående, og sier de ønsker et annerledes år før videre studier. 1/3 av elevene har ikke fullført videregående skole. Uten både karakterer og eksamener evner folkehøgskolene å gi elevene lyst og motivasjonen til videre læring, sier Odd Arild Netland.

- Sett i lys av frafallsproblematikken, både i den videregående skolen og i høyere utdanning generelt, er dagens signaler fra Regjeringen alarmerende, sier Netland.

Kutter 45 millioner

Kuttet er tredelt:

1. Regjeringen foreslår å kutte i støtten til folkehøgskolene med 25 millioner.
2. I tillegg rammes studiestøtten til elevene. Dette utgjør totalt et kutt på 11 millioner.
3. Regjeringen tar heller ikke høyde for elevveksten folkehøgskolene har hatt de siste årene. Som følge av det, mangler nye 9 millioner i budsjettet.

- Dette er tredje gang på fire år Regjeringen Solberg foreslår å kutte i støtten til folkehøgskolene.

I 2014 og 2015 ble forslagene nedstemt av et samlet Storting.

Før Stortingsvalget i september lovet både KrF, Venstre, SV og Senterpartiet å jobbe for økte midler til folkehøgskolene. - Vi regner med at disse partiene også nå kjemper vår sak inn i budsjettarbeidet og håper Stortinget også denne gangen nuller ut kuttet, sier Netland.

For mer informasjon:

Pressekontakt: Odd Arild Netland

E-post: oan@folkehogskole.no

Telefon: 90 93 47 88

Vedlegg 3

Konsekvenser for skolene hvis kuttet på 25 + 9 millioner kroner tas fra basistilskuddet og det elevavhengige tilskuddet.

Vi ber skolene om bare å bruke egne tall overfor media og politikere og ikke gå ut med hva andre skoler måtte tape.

Agder folkehøgskole	412 326	Namdals folkehøgskole	329 209
Alta folkehøgskole	428 812	Nansenskolene	390 017
Arbeiderbev. folkehøgskole	361 630	Nordfjord folkehøgskole	519 492
Bakketun folkehøgskole	388 213	Nordhordland folkehøgskole	626 747
Bjerkely folkehøgskole	406 884	Nordmøre folkehøgskole	449 734
Borgund folkehøgskole	470 833	Nordnorsk pensjonistskole	311 244
Buskerud folkehøgskole	383 520	Pasvik folkehøgskole	324 114
Bømlo folkehøgskole	405 444	Peder Morset folkehøgskole	1 014 973
Danvik folkehøgskole	500 075	Ringebu folkehøgskole	350 138
Elverum folkehøgskole	447 691	Ringerike folkehøgskole	505 314
Fana folkehøgskole	389 733	Risøy folkehøgskole	518 410
Fjordane folkehøgskole	363 439	Romerike folkehøgskole	432 849
Folkehøgskolen 69° Nord	222 638	Rødde folkehøgskole	426 737
Folkehøgskolen Nord Norge	485 985	Rønningen folkehøgskole	557 698
Folkehøgskolen Sørlandet	534 360	Sagavoll folkehøgskole	516 429
Follo folkehøgskole	401 556	Sandvik folkehøgskole	375 014
Fosen folkehøgskole	286 286	Seljord folkehøgskole	394 975
Fredly folkehøgskole	496 583	Setesdal folkehøgskole	214 068
Grenland folkehøgskole	468 645	SKAP Mandal	416 260
Hadeland folkehøgskole	397 270	Skiringssal folkehøgskole	414 085
Hallingdal folkehøgskole	307 108	Skjeberg folkehøgskole	390 941
Hardanger folkehøgskole	322 029	Skogn folkehøgskole	421 499
Harstad folkehøgskole	297 739	Sogndal folkehøgskole	374 567
Haugetun folkehøgskole	480 094	Solbakken folkehøgskole	254 234
Hedmarktoppen folkehøgskole	523 942	Solborg folkehøgskole	557 548
Holtekilen folkehøgskole	348 049	Stavern folkehøgskole Fredtun	414 659
Hurdal Verk folkehøgskole	457 322	Stiftelsen Nestor seniorutvikling	261 017
Høgtun folkehøgskole	426 410	Sund folkehøgskole	467 766
Idrettsskolen Numedal folkehøgskole	402 416	Sunnfjord folkehøgskole	422 409
Jeløy folkehøgskole	387 252	Sunnhordland folkehøgskole	401 714
Jæren folkehøgskole	398 629	Sunnmøre folkehøgskole	468 645
Karmøy folkehøgskole	379 772	Toneheim folkehøgskole	582 096
Kristiansand folkehøgskole	350 780	Torshus folkehøgskole	380 913
Lofoten folkehøgskole	402 962	Toten folkehøgskole	353 399
Lundheim folkehøgskole	922 228	Trøndertun folkehøgskole	505 314
Manger folkehøgskole	274 360	Valdres folkehøgskole	479 121
Molde folkehøgskole	468 645	Vefsn folkehøgskole	446 596
Musikkfolkehøgskolen Viken	448 572	Voss folkehøgskule	470 994
Møre folkehøgskole	435 304	Ål folkehøgskole	521 564
		Åsane folkehøgskole	451 966